



HELSE VEST IKT AS

ÅRSREKNESKAP 2011



Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er leverandør av utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest. Helse Vest IKT AS skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysningar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.



HELSE VEST IKT AS

Jonas Lies vei 65
5021 BERGEN

Org.nr: 987 601 787

Telefon: 55 97 65 00

Telefaks: 55 97 65 50

E-post: postmottak@helse-vest-ikt.no

Web: www.helse-vest-ikt.no

Nøkkeltal:

- 255 tilsette
- Omsetning i 2011 på 557 mill. kr.
- Kontor i Førde, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord
- Drift og forvaltning av 800 system med tilhøyrande infrastruktur.
- Leverer IKT-tenester til 25000 brukarar, 16.000 PC-ar på 140 lokasjonar



Innhold

Visjon og Forretningsidé	2
Styringsbodskap og mål	3
Organisasjonskart	4
Årsberetning	5
Resultatrekneskap 2011	8
Balanserekneskap 2011	9
Kontantstrømoppstilling 2011	11
Notar	12



Visjon og forretningsidé

Visjon

Helse Vest IKT AS har følgjande visjon:

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlninga.

Forretningsidé

Helse Vest IKT AS har følgjande forretningsidé:

- ◆ **Helse Vest IKT AS skal være leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal være den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysningar blir anskaffa, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.**
- ◆ **Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelig for kundane ved behov.**

Styringsbodskap og mål

Styringsbodskap


Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søkjer å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.


Overordna mål

Helse Vest IKT AS skal ha som overordna mål å:

- ♦ **Samordning og integrasjon av system og løysningar slik at informasjon om pasienten fylgjer pasienten gjennom pasientforløpa lokalt, regionalt og nasjonalt.**
- ♦ **Bidra til å forbetre helsetenestene ved innovativ bruk av IKT.**
- ♦ **Redusere kostnader til parallelt arbeid og auka servicenivå ved å samordne IKT-funksjonane.**

Organisasjonskart





Årsberetning

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01.11.2004. Helse Vest IKT er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Selskapet er eit helleigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Selskapet er etablert med kontor i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde. I tillegg er det tilsette med arbeidsstad på Stord, Odda og Voss.

Medio 2010 vedtok styret å gjennomføre ein større gjennomgang av forretningsplanen for Helse Vest IKT, der blikket vart retta framover i eit kort og lengre perspektiv. IKT har vorte ein stadig meir integrert del i alle aspekt ved det å tilby helsetenester. Alle delar av dagens helseteneste nyttar og vert påverka av IKT-løysingar, og denne utviklinga vil akselerere i tida som kjem. Helseføretaka er såleis under eit press både internt og eksternt for å sikre at dei teknologiske løysingane som vert nytta er hensiktsmessige og effektive.

Eit sentralt element i revisjonen av forretningsplanen har vore ei erkjenning av at Helse Vest IKT har ein to-delt funksjon, der den eine er "IKT-produksjonen" og den andre er Helse Vest IKT sine meir utviklingsprega bidrag til innovativ bruk av IKT i helseføretaka.

Helse Vest IKT har ansvar for IKT-tenesteproduksjonen, medan det for IKT-tenesteutvikling vert levert bidrag til det ansvar som er plassert hos helseføretaka og øvrige kundar. Helse Vest IKT sin kompetanse og kapasitet på dette området er fylgjeleg til disposisjon for bidrag til heile føretaksgruppa når det gjelder utvikling av korleis IKT bidrar til å understøtte kjerneverksemda og dei administrative prosessane.

Dei grunnleggjande IKT-funksjonane må ha tilfredsstillande nivå før ei IKT-eining kan bidra til meir innovativ bruk av IKT. Helse Vest IKT gjennomførte i mars 2011 kartlegging av kundetilfredsheit. 4870 brukarar (25 %) svarte på kartlegginga. Resultatet viste at 84,2% er «meget tilfreds» eller «tilfreds» med det totale tenestetilbodet frå Helse Vest IKT. Helse Vest IKT tolkar dette resultatet slik at selskapet no leverer på ein tilfredsstillande måte, og at Helse Vest IKT dermed er i posisjon til og å bidra til meir innovativ bruk av IKT.

Ein konsekvens av den reviderte forretningsplanen for Helse Vest IKT var ei erkjenning av at organisasjonen måtte endrast for å sikre fokus på begge desse områda. Frå 01.06.2011 vart difor Helse Vest IKT sin organisasjon endra. Resultat per avdeling nedanfor er basert på den nye organisasjonen.

Avdeling IKT-fagsenter

Avdeling IKT-fagsenter har ansvaret for 1. linje og 2. linje kundestøtte samt tilgangsbehandling. Avdelinga har 4 seksjonar; *Kundesenter, Plattformstøtte, Applikasjonsstøtte og Tilgangsbehandling.*

Seksjon *Kundesenter* er 1.linje brukarstøtte. Seksjonen har ansvaret for all handtering av brukarhjelp via telefon, e-post og webskjema. I 2011 mottok Kundesenteret 100.260 telefonsamtalar. Av desse vart 90.925 svara på. I tillegg handterte seksjonen 100.047 e-postar og 10.126 web-meldingar som kunde registrerte direkte inn i sakshandsamingsystemet.

For 2011 samla sett, blei 86,2 % av alle innkomande telefonsamtalar svara på innan 2 minutt og gjennomsnittleg ventetid for året vart 50 sekundar. Servicegraden har vore over avtalt nivå gjennom heile 2011.

Seksjon *Plattformstøtte* arbeider tett saman med seksjon *Kundesenteret*, og fungerer som ei 2. linje for dei. Arbeidet består av meir tidkrevjande og kompliserte saker som ikkje lar seg løysa direkte på telefon og/eller e-post. Hovudoppgåvene er feilretting på sluttbrukarutstyr, til dømes PCar og skrivarar, og brukarstøtte på Microsoft sine operativsystem og programvarer.

På same måte som Plattformstøtte, fungerer også seksjon *Applikasjonsstøtte* som ein 2. linje brukarstøtte. Hovudkompetansen her er på dei store kliniske og administrative systema. Seksjonen bidrar også inn i fleire pågåande prosjekt.

Seksjon *Tilgangsbehandling* har ansvar for opning, endring og lukking av tilgangar til PCar, e-post og alle applikasjonar som vert brukt i Helse Vest. I tillegg kjem resetting av passord i dei same systema. Parallelt med seksjonen sine manuelle oppgåver blir fleire og fleire saker handtert automatisk/halvautomatisk i tilgangsportalen «Samlepunktet».

Avdeling Tenesteproduksjon


Avdelinga har ansvaret for drift og forvaltning av all IKT-relatert infrastruktur i Helse Vest. Avdelinga har 5 seksjonar; *Server og lagring, Plattform, Kommunikasjon, Applikasjonsdrift og Leveranse.*

Seksjon *Server og lagring* har gjennom 2011 vidareført fokus på utvikling mot meir effektiv drift ved utstrakt bruk av virtualisering. I dette arbeidet er også virtualisering teke i bruk innanfor lagringsområdet. Dermed har det vore mogeleg å redusere veksten i talet fysiske serverar. *Seksjon Applikasjonsdrift* vart etablert ved omorganiseringa 01.06.2011. Seksjonen har ansvar for at alle system er i drift og at det er mogleg å logge seg på og bruke hovudfunksjonane. *Seksjon Kommunikasjon* har vidareført arbeidet med punkta i ROS analysen som går på segmentering av nettverket. Det er investert i nye brannmurar og installasjon av desse pågår.

Arbeidet med Neste generasjons PC-plattform har hatt stort fokus i 2011. Seksjon Plattform har levert mange timar til dette prosjektet. Arbeidet med utrulling av plattformen er i gang, og pr 31.12.2011 er det omlag 1.500 som har fått den nye plattformen. Seksjon Leveranse har i tillegg til innkjøp og logistikk av IKT-utstyr, fått ansvar for lokal installert programvare. Seksjonen arbeider for å få ei komplett oversikt over lokalinstallert programvare i forbindelse med utrulling av neste generasjon PC-plattform.

Avdeling Tenesteutvikling

Avdeling Tenesteutvikling har ansvar for forvaltning av alle IKT-løysingar og skal bidra til betre bruk ved oppfølging av installerte programvare og oppgradering til nye versjonar. Avdelinga har tre seksjonar; *EPJ løysing, Stytings- og kvalitetsdata og Kliniske og administrative løysningar.*



Årsberetning

Avdelinga har ansvar for vidareutvikling av alle applikasjons-tenestene som Helse Vest IKT leverer. Det er ei viktig målsetjing at avdelinga skal dreie fokus frå daglig drift til meir framover retta dialog med helseføretaka. Avdelinga har sidan sommaren hatt hovudfokus på å overlevere oppgåver til andre seksjonar Helse Vest IKT, dette har gått utover framdrifta i arbeidet med å dreie mot nytt fokus.

Avdelinga har ei aukande mengde opne episodar og leveransar. Manglande rekruttering i tillegg til mykje fokus rundt omorganiseringa har gjort at avdelinga ikkje heilt har komme på det nivået som er ynskjeleg. Til tross for dette har avdelinga levert solide bidrag inn i diverse prosjekter; mellom anna program Felles EPJ, ny felles publiseringsløyising for alle føretak i Helse Vest, oppgradering av Visma i føretaksgruppa.

Avdeling Verksemdsutvikling

Avdeling *Verksemdutvikling* skal bidra til betre og meir innovativ bruk av IKT i helseføretaka, arbeide med verksemdarkitektur innanfor den ansvars- og rollefordeling som er avtalt i føretaksgruppa, utvikle og forvalte integrasjonar, utvikle løysingar der det ikkje er føremålstenleg å kjøpe pakker i eksternt marknad, samt leveranse av program-, prosjekt- og testleing. Avdelinga har 3 seksjonar; *Innovasjon og arkitektur*, *Integrasjon og løysingsutvikling* og *Prosjektleing*.

Seksjon *Innovasjon og arkitektur* har fylgjande målsetningar; Saman med helseføretaka, utvikle idear om korleis det teknologiske mogelegheitsbiletet kan understøtte verksemda sine behov og gi denne verdi, på kort og lang sikt. Bidra til at målbilde for verksemdarkitektur i Helse Vest vert definert, forankra og forvalta. Bidra til at initiativ som vert sett i verk er i tråd med arkitekturmessig målbilete og nasjonale / regionale strategiar.

Seksjon *Integrasjon og løysingsutvikling* har fylgjande målsetningar: Utvikle og forvalte systemintegrasjonar i tråd med behova i og etter bestilling frå føretaksgruppa. Utvikle løysingar der det ikkje er tenleg å kjøpe "pakke"-løysingar frå eksterne leverandørar.

Seksjonen *Prosjektleing* har fylgjande målsetningar; Leie prosjekt og levere desse innanfor avtalte rammer for tid, kost og kvalitet, saman med og på vegne av helseføretaka i Helse Vest, basert på etablert prosjektprosess og -metodikk og kompetanse om helseføretaka si verksemd.

Seksjonen har leia ei rekkje program og prosjekt i Helse Vest si prosjektportefølje. Seksjonen har levert testleing til sentrale prosjekt i porteføljen, samt fasilitert ei rekkje ROS-analyser.

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2011 var eit overskot på 5,3 mill kr. Dei totale inntektene var 557,1 mill. kr. Av desse var 482,3 mill kr sal av tenester til helseføretaka, 25,3 mill. kr sal av IKT-utstyr, 20,1 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 29,4 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til styringsgruppa for Nasjonal IKT).

Totale driftskostnader var 541,1 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 24,6 mill.kr, personalkostnader 127,6 mill. kr, avskrivningar 101,3 mill. kr og andre driftskostnader 287,6 mill. kr (inklusive kostnader for Nasjonal IKT med same beløp som på inntektssida). Med netto finanskostnader på 10,8 mill. kr gjev dette årsresultatet på 5,3 mill. kr. Det vart henta ut samordningsgevinstar på om lag 9,8 mill. kr.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2011 var 733,7 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 80,6% av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 169,7 mill. kr og utgjorde dermed 23,1%. Nedgangen i soliditet held dermed fram grunna det høge investeringsnivået. Likviditetsbeholdninga var ved årsskiftet 50,1 mill. kr og er tilfredsstillande.

Finansiell stilling

Likviditeten er tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjonen i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt. Helse Vest IKT må rekna med at det går enno noko tid før investeringsnivået vert stabilt, på eit nivå der selskapet er sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar. Når dette skjer vil Helse Vest IKT kunne nedbetale gjeld og auke soliditeten.

Om miljø

Sjuekefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT AS var i 2011 på 4,8 %, mot 4,4 % i 2010, begge inklusive eigenmeldt sjuekefråvær.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2011 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1.000.000 fordelt på 2.000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

Likestilling

43 % (frå 01.12.2011) av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. 21 % av leiinga (inkl. stabsleiarar) var i 2011 kvinner, 25 % av avdelingsleiarane var i 2011 kvinner, 33 % av seksjonsleiarane var i 2011 kvinner. Tala gjeld frå etter reorganiseringa 01.06.2011.

Helse Vest IKT tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha breidde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2011 var eit overskot på kr 5 260 676. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.



Årsberetning

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategisk partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å bidra til forenkling av pasienthandsaminga, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar.

Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at Tenesteavtalen med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med porteføljen frå Prosjektporteføljekontoret.


2011 var eit godt arbeidsår for Helse Vest IKT AS. Arbeidet gjennom året gav viktige resultat til beste for bruken av IKT i helseføretaka. Arbeidet har vore basert på god lagånd, stor vilje til felles innsats og godt samarbeid med helseføretaka.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom eit spennande år.


Bergen, 18. april 2012




Herlof Nilssen
Styreleiar



Kari Ugland
Styremedlem




Eivind Gjerdal
Styremedlem




Bård Lilleeng
Styremedlem



Stener Kvinnsland
Styremedlem




Mette Kamsvåg Grimstad
Styremedlem



Anne Krsitin Kleiven
Styremedlem



Berit Rane
Styremedlem



Svend Bernhard Jacobsen
Styremedlem



Nina Elisabeth Eltvik
Styremedlem



Torgny Neuman
Styremedlem



Erik M. Hansen
Administrerande direktør

Resultatrekneskap 2011

Alle tal i 1000 NOK

	Note	2011	2010
Basisramme	2	2 875	
Annan driftsinntekt	2	554 308	489 098
Sum driftsinntekter		557 183	489 098
Varekostnad		24 601	26 946
Lønn og andre personalkostnader	3	127 624	116 373
Ordinære avskrivningar	6	101 266	78 683
Andre driftskostnader	4	287 619	251 517
Sum driftskostnader		541 111	473 519
Resultat frå drifta		16 072	15 579
Finansinntekter	5	1 154	897
Finanskostnader	5	11 965	7 665
Netto finansposter		-10 811	-6 769
Resultat før ekstraordinære poster		5 261	8 810
Resultat i perioden		5 261	8 810
Overført frå/til annan eigenkapital	10	5 261	8 810
Sum overføringar		5 261	8 810

Balanserekneskap 2011

Alle tal i 1000 NOK

EIGEDLER	Note	2011	2010
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Programvarelisensar	6	361 590	290 310
Prosjekt under utvikling	6	111 904	105 992
Sum immaterielle egedelar		473 494	396 302
Varige driftsmidler			
IKT-utstyr, inv. transp.m. o.l	6	89 762	79 165
Anlegg under utføring	6	27 501	9 026
Varige driftsmidler		117 263	88 191
Finansielle anleggsmidler		827	643
Andre finansielle anleggsmidler		827	643
Sum anleggsmidler		591 584	485 136
Omlaupsmidler			
Varer	7	9 410	5 428
Krav	8,13	82 549	79 338
Bankinnskot, kontantar og liknande	9	50 140	67 206
Sum omlaupsmidler		142 099	151 972
SUM EIGEDLAR		733 683	637 107

Balanserekneskap 2011

Alle tal i 1000 NOK

EIGENKAPITAL OG GJELD


	Note	2011	2010
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	10	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	10	150 319	150 319
Sum innskoten eigenkapital		151 319	151 319
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	10	18 425	13 164
Sum opptent eigenkapital		18 425	13 164
Sum eigenkapital		169 744	164 483
Gjeld			
Avsetjingar for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	11	28 891	21 581
Sum avsetjingar for forpliktingar		28 891	21 581
Annan langsiktig gjeld			
Langs. gjeld til føretak i samme konsern	13	440 328	336 637
Sum langsiktig gjeld		440 328	336 637
Skuldige offentlege avgiftar		9 877	8 835
Anna kortsiktig gjeld	12, 13	84 844	105 571
Sum kortsiktig gjeld		94 721	114 406
Sum gjeld		563 940	472 624
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		733 683	637 107

Bergen, 18. april 2012



Herlof Nilssen

Styreleiar




Bård Lilleeng

Styremedlem




Anne Kristin Kleiven

Styremedlem



Nina Elisabeth Eltvik

Styremedlem



Kari Ugland

Styremedlem




Stener Kvinnsland

Styremedlem




Berit Rane

Styremedlem




Torony Neuman

Styremedlem




Eivind Gjemdal

Styremedlem



Mette Kamsvåg Grimstad

Styremedlem



Svend Bernhard Jacobsen

Styremedlem



Erik M. Hansen

Administrerende direktør

Kontantstrømoppstilling 2011

Alle tal i 1000 NOK

	2011	2010
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktiviteter:		
Årsresultat	5 261	8 810
Ordinære avskrivningar	101 266	78 683
Endring i omlaufsmidlar	-7 194	0
Endring i kortsiktig gjeld	-19 685	12 947
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	7 309	-1 396
Investeringsstilskott ført til inntekt	-2 000	-500
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter	84 957	98 544
Kontantstrøm frå investeringsaktiviteter:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-207 530	-179 694
Inn-/utbetalingar ved sal/kjøp av fin.anl.m	-184	-159
Netto kontantstrøm frå investeringsaktiviteter	-207 714	-179 853
Kontantstrømmar frå finansieringsaktiviteter:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	108 000	105 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter	105 691	102 691
Netto endring i likviditet	-17 066	21 382
Likvide midlar 01.01	67 206	45 824
Likvide midlar 31.12	50 140	67 206

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Etablering av føretaket

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tid vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til selskapet som tingsinnskot.

Verdsetjing

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Korrigert resultat

Resultatet var i 2007 korrigert med verknaden av innskjerpa økonomiske føresetnader på pensjon som først fekk konsekvens for rekneskapsåret i 2006 og 2007. For 2008 var deler av den auka pensjonskostnaden kompensert. Resultatet for 2008 var korrigert for auka pensjonskostnad utover det som var kompensert frå staten.

For 2010 er resultatkravet korrigert med om lag halve verknaden av planendinga som følgje av innføring av delar av pensjonsreforma. Resten av verknaden blei justert ved at inntektsrama til føretaket blei redusert. I 2011 er det ingen justering av resultatet frå departementet si side.

Generelt om rekneskapsprinsipp

Rekneskapslova for 2011 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapslova består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapslova er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillings-prinsippet, varsemndprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om fortsett drift. Ved utarbeidinga av rekneskapslova må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdi av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedrørande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimat.

Konsolidering

Helse Vest IKT går inn i konsernregnskapen til Helse Vest RHF og eig ikkje eigne aksjar.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lågaste av kostnad ved kjøp og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Anleggsmidlar blir vurdert til kostnad ved kjøp, men blir nedskrive til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengeposter i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner pr. 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Sal av tenester til helseføretaka og til eksterne kundar, sal av IKT-utstyr

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsført når dei er utførte.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gje framtidige inntekter/bruksverdi for helseføretaket er aktivert.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare blir aktivert og avskrive over økonomisk levetid.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir ført i balansen til historisk anskaffingskost fråtrekt akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ein økonomisk levetid på over tre år, samt ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller forbetringar blir lagt til driftsmiddelets kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar kostnadsføres etter kvart som dei kjem på. Renter som knyt seg til anlegg under oppføring blir aktivert som ein del av kostprisen.

Ved sal av anleggsmidlar blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Avskrivingar

Ordinære avskrivingar er berekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivingane er klassifisert som driftskostnader.

Nedskriving

Nedskrivingar av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar blir vurdert når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skrive ned til verdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP blir kostprinsippet nytta. Det vil seie at det normalt berre er inn og utbetalingar som påverka størrelsen på innskottet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffingskost etter FIFO- prinsippet eller gjennomsnittleg kostpris og verkeleg verdi. Det blir føreteke nedskriving for pårekeleg ukurans i samsvar med god rekneskapskikk.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til pårekeleg tap. Avsetjing til tap kjem fram etter ein konkret vurdering av enkeltfordringar og av fordringsmassen som heile.

Pensjoner

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir berekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjoner og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmiddel samt aktuarmessige føresetnader om dødelegheit, frivillig avgang, osv. Pensjonsmiddel er vurdert til verkeleg verdi og trekt frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Endringar i forpliktinga som har skuld i endringar i pensjonsplanar blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som har skuld i endringar i og avvik frå føresetnadene for berekningane (estimatendringar) blir delt over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved årets byrjing overstig 10 % av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad fråtrekt estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Pensjonsberekningane er inkludert arbeidsgjevaravgift.

Arbeidstakarane sin del av pensjonspremien er fråtrekt i lønnskostnadene.

Pensjonskostnadene for 2011 er bygd på føresetnadene som blei lagt til grunn for netto midlar/forpliktingar 2010 etter rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for vurderingar gjort i samråd mellom helseregionane og som er vurdert å vere rimelege føresetnader per 01.01.11. Det er teke omsyn til endringar i rettleiinga gitt ved årsskiftet 2011/2012 i samband med berekning av pensjonsforplikting 31.12.11.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer og verdien kan estimerast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Skatt

Helse Vest IKT AS er friteke for skatt av di ein leverer varer og tenester til kostpris utan fortjeneste.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i resultatet for føretaket for å kunne presentera kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare års rekneskap blir ført direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Notar

Note 2 Salsinntekter

	2011	2010
Tenestosal helseføretaka	482 262	411 773
IKT-utstyr	25 351	27 071
Tenestosal eksterne	20 142	28 303
Anna *)	29 428	21 950
Sum	557 183	489 098

*) I posten Anna inngår hovudsakleg inntekter frå Nasjonal IKT. Tilsvarende kostnader til Nasjonal IKT er teke med under Andre driftskostnader i Note 4.

Note 3 Løn og andre personalkostnader

	2011	2010
Lønnskostnader Helse Vest IKT AS		
Lønnskostnader	110 773	100 688
Arbeidsgjevaravgift	15 668	14 361
Pensjonskostnader	19 465	10 901
Andre ytingar	6 777	4 700
- Balanseførte lønnskostnader eigne tilsette	-25 059	-14 278
Sum lønn og personalkostnader	127 624	116 373

Lønn og annan godgjersle til administrerande direktør

Lønn	1 081	1 038
Pensjonskostnader	164	22
Andre ytingar	36	32
Sum lønn dagleg leiar	1 281	1 093

Styregodtgjersle

Styregodtgjersle	117	78
------------------	-----	----

Godgjersle til revisor

Revisjon etter lova	190	190
Sum honorarer til revisor	190	190

Alle tal inkludert mva

Antall tilsette og årsverk

Gjennomsnittleg antall tilsette i rekneskapsåret	254	236
Tal på årsverk pr 31.12	251	247

Dagleg leiar har 6 månaders oppseiingstid. Det er ikkje gitt lån eller stilt tryggleik til dagleg leiar, styremedlem eller andre leiande tilsette. Dagleg leiar har ikkje avtale om bonus eller etterlønn.

Notar

Note 4 Andre driftskostnader

	2011	2010
Bygninger og kontorlokaler, energi og brensel	15 371	12 511
Kjøp og leige av utstyr, maskiner og liknande	5 242	7 164
Reparasjon, vedlikehold og service	2 856	2 644
Konsulenttenester	61 153	52 660
Anna ekstern teneste	10 575	13 634
Kontor- og kommunikasjonskostnader	33 171	30 873
Kostnader i samband med transportmidlar	144	171
Reisekostnader	3 953	3 529
Forsikringskastnader	354	463
Andre driftskostnader	154 800	127 870
Sum andre driftskostnader	287 619	251 517

Note 5 Finansposter

	2011	2010
Andre renteinntekter	1 132	862
Andre finansinntekter	21	34
Sum finansinntekter	1 154	897
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	11 880	7 563
Andre rentekostnader	63	47
Andre finanskostnader	22	55
Sum finanskostnader	11 965	7 665

Note 6 Immaterielle egedelar og varige driftsmidlar

	Anlegg under utføring	Prosjekt under utvikling	Transport- middel, inventar og utstyr	IKT - utstyr	Programvare	Sum
Anskaffingskost 01.01.2011	9 026	105 991	44	309 577	581 088	1 005 727
Tilgang 2011	57 350	150 179	0	48 504	134 639	390 672
Avgang 2011	-38 875	-144 267	0	0	0	-183 142
Anskaffingskost 31.12.2011	27 501	111 904	44	358 081	715 727	1 213 257
Akkumulerte avskrivninger 1.1	0	0	44	230 413	290 777	521 234
Endring Akk. Avskrivninger pga. Avgang 1)	0	0	0	0	0	0
Årets avskrivningar	0	0	0	37 906	63 359	101 266
Akkum. avskrivningar 31.12.2011	0	0	44	268 319	354 137	622 500
Balanseført verdi 01.01.2011	9 026	105 991	0	79 165	290 310	484 493
Balanseført verdi 31.12.2011	27 501	111 904	0	89 762	361 590	590 757

 Avskrivningsplan
 Økonomisk levetid

Linær	Linær	Linær
10 år	3-5 år	5 - 10 år

Note 7 Varelager

	2011	2010
Varer for videresalg		
Ferdigvarer	9 410	5 428
Sum varelager	9 410	5 428

Note 8 Andre kortsiktige krav

	2011	2010
Kundekrav	1 916	29 938
Krav på føretak i føretaksgruppa	63 549	21 572
Andre kortsiktige krav	17 085	27 828
Sum krav	82 549	79 338

Kundekrav har følgjande fordeling på forfall

Krav som ikkje er forfalt	60 517	39 963
Forfalte krav 1-30 dagar	2 328	9 708
Forfalte krav 31-60 dagar	2 572	1 659
Forfalte krav 61-90 dagar	48	179
Kundekrav pålydande per 31.12	65 456	51 510

Note 9 Kontantar og bankinnskott

	2011	2010
Skattetrekksmidlar	5 130	4 818
Sum bundne bankinnskott	5 130	4 818
Bankinnskott og kontantar som ikkje er bunde	45 010	62 388
Sum kontantar og bankinnskott	50 140	67 206

Helse Vest har konsernkontoordning.

Note 10 Eigenkapital

	Aksje- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2010	1 000	150 319	13 164	164 483
Egenkapital 01.01.2011	1 000	150 319	13 164	164 483
Resultat dette året			5 261	5 261
Eigenkapital 31.12.2011	1 000	150 319	18 425	169 744

Føretakskapitalen på kr 1 000 000 er fordelt på 2 000 aksjer, kvar lydande på kr 500. Helse Vest IKT AS er 100% eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar

	2011	2010	2002–2011
Resultat i høve til årsrekneskapen	5 261	8 810	17 083
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
Korrigert resultat	5 261	8 810	17 083
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkrava			1 373
Resultat jf- økonomiske krav	5 261	8 810	18 456
Resultatkrav	300	4 835	5 314
Avvik frå resultatkrav	4 961	3 975	13 142

Note 11 Pensjonsforpliktning

	2011	2010
Oppsamla pensjonsforpliktning	-119 761	-95 818
Pensjonsmidlar	77 047	64 912
Netto pensjonsforpliktning	-42 714	-30 906
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforpliktelsar	-5 924	-4 287
Ikkje resultatført virkning av estimatavvik	19 757	13 611
Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. AGA	-28 891	-21 581

Spesifikasjon av pensjonskostnaden	2011	2010
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	15 151	13 113
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	5 069	4 782
Brutto pensjonskostnad	20 220	17 896
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-3 747	-3 398
Administrasjonskostnader	605	631
Arbeidsgjevaravgift	2 335	2 102
Resultatført planendring	0	- 6 377
Netto pensjonskostnad inkl. AGA	19 412	10 854

Økonomiske føresetnader	2011	2010
Årleg fortjeneste	4,10 %	5,40 %
Diskonteringsrente	3,80 %	4,60 %
Uttak AFP etter erfaring	20-60 %	20-60 %
Årleg vekst i lønn	3,50 %	4,00 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,25 %	3,75 %

Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	239	224
Talet på oppsatte personar med i ordninga	159	36
Talet på pensjonistar med i ordninga	18	21

Stortinget vedtok "Lov om endringer i lov om Statens Pensjonskasse, lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser og i enkelte andre lover (oppfølging av avtale om tjenestepensjon og AFP i offentlig sektor i tariffoppgjøret 2009)" den 25. juni 2010. Det er særleg to høve i desse endringane som påverkar nivået på de berekna pensjonskostnadene for 2010: 1) Lågare regulering av alderspensjon, frå G-regulering tidlegare til regulering svarande til «G – 0,75 pst.», og 2) effekten av justering av levealder for årskulla 1953 og tidlegare som følgje av auka levealder. Effektane for seinare årskull av levealdersjustering mb. vil bli vurdert seinare. Norsk regnskapsstiftelse har i sin uttale lagt til grunn at den verknaden på rekneskapa skal takast når hendinga har skjedd, det vil seie når endringane er vedteke. Det er derfor teke omsyn til dei vedteke planendringane i rekneskapa for 2010 med den konsekvens at pensjonskostnadane for Helse Vest IKT AS blei redusert frå 17,2 millionar kroner til 10,8 millionar kroner. Ein reduksjon på 6,4 millionar kroner.

Pensjonskostnaden for 2011 er bygd på føresetnadene som vart lagd til grunn for netto pensjonsmidlar/-forpliktning 2010 og som er vurdert å vere rimelege føresetnader per 1.1.2011. Rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse vedkommande pensjonskostnad 2011 er lagd til grunn for beste estimat vedkommande netto pensjonsmidlar/-forpliktingar per 31.12.2011. Estimativvik utover 10% av det største beløpet av forplikningar eller midlar blir resultatført over 15 år.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Note 12 Anna kortsiktig gjeld

	2011	2010
Leverandørgjeld	27 132	51 132
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	12 960	13 758
Lønn	456	454
Feriepengar	14 557	13 128
Anna kortsiktig gjeld	29 739	27 352
Sum kortsiktig gjeld	84 844	105 824

Note 13 Mellomværende med føretak i same konsern

Føretak	Kortsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	3 065	-10 802	-440 328
Apoteka Vest HF	826	0	0
Helse Bergen HF	28 014	-1 640	0
Helse Stavanger HF	14 796	-223	0
Helse Fonna HF	9 228	-54	0
Helse Førde HF	7 619	-241	0
Sum	63 548	-12 960	-440 328

Til generalforsamlinga i Helse Vest IKT AS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Helse Vest IKT AS, som er samansett av balanse per 31. desember 2011, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og administrerande direktør sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og administrerande direktør er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og administrerande direktør finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvissande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidede av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Helse Vest IKT AS per 31. desember 2011 og av resultatata og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at styret og administrerande direktør har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Stavanger, 18. april 2012

ERNST & YOUNG AS



Nicolai Homme

statsautorisert revisor